



## MØTEPROTOKOLL BYGDEUTVIKLINGSUTVALET

**Møtedato:** 20.09.2022  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 08:00 - 09:30

**Møtedeltakarar:**

Medlemmer	Parti	Rolle
Edvin Hesjedal	H	Utvalseiar
Line Eide Vik	SP	Nestleiar
Mona Grenasberg	SV	Medlem
Ståle Kallestad Hesjedal	AP	Medlem
Arne Normann	KRF	Medlem

**Andre møtande:**

Kommunalsjef Åse Elin Myking  
Møtesekretær Sølvi Legård

### Saksliste

SAKSNR	TITTEL
13/2022	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
14/2022	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
15/2022	REFERATSAKER OG MELDINGAR
16/2022	HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR - BRUK AV TELEFONKIOSK TIL INFORMASJON OM EKSINGEDALEN - EKSINGEDALEN BYGDARÅD
17/2022	HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL INNKJØP AV TURNUTSTYR - STAMNES IDRETTSKLAG
18/2022	HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL KURS OM GRINDVERKSBYGG - STAMNES IDRETTSKLAG
19/2022	HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL "FRILUFTSSKOLE" PÅ STANGHELLE 2022 - BERGEN OG HORDALAND TURLAG
20/2022	HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL INFORMASJONSBROSJYRE OM NOTFISKE ETTER LAKS - "LAKSGILJO"



## Vaksdal kommune

- 21/2022**      **HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL UTANDØRS  
BORDTENNISBORD VED ALLAKTIVTETSHUSET PÅ STAMNES - STAMNES  
UNGDOMSKLUBB**
- 22/2022**      **HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL STAMNES  
FISKEFESTIVAL OG STAMNES UNGDOMSHUS - STAMNES BYGDALAG**
- 23/2022**      **HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL ARRANGEMENTET  
"EIDSLANDSVIKING" - EIDSLAND GREN DALAG**



**13/2022: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Bygdeutviklingsutvalet 20.09.2022**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**BYG - sak 13/2022 Vedtak/Tilråding:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

---

**14/2022: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

**Bygdeutviklingsutvalet 20.09.2022**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**BYG - sak 14/2022 Vedtak/Tilråding:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

---

**15/2022: REFERATSAKER OG MELDINGAR**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Referatsakene vert tekne til orientering.



**Bygdeutviklingsutvalet 20.09.2022**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**BYG - sak 15/2022 Vedtak/Tilråding:**

Referatsakene vert tatt til orientering.

---

**16/2022: HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR - BRUK AV TELEFONKIOSK TIL INFORMASJON OM EKSINGEDALEN - EKSINGEDALEN BYGDARÅD**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Eksingedalen Bygdaråd får tildelt inntil kr. 27 000,- i bygdeutviklingsmidlar til å nytte gamal, raud telefonkiosk til informasjon om aktivitetar og opplevingar i Eksingedalen.

Tilskotet utgjer 53 % av budsjettert/godkjent kostnad på kr. 51 000,-. Lågare dokumentert kostnad, kan gje lågare tilskot.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport, med kostnadsdokumentasjon.

Søkjjar må sjølv syte for å hente inn eventuelle, naudynnte løyve etter aktuelle lovverk, før oppsetjing av kiosken.

**Bygdeutviklingsutvalet 20.09.2022**

**Behandling:**

Endringsframlegg frå Edvin Hesjedal, H:

*Det vert gjeve kr 15.000 til informasjonskiosk Eksingedalen*

**Røysting:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart sett opp mot Edvin Hesjedal sitt framlegg:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke med 3 røyster (Arne Normann, Ståle Kallestad Hesjedal og Line Eide Vik).

**BYG - sak 16/2022 Vedtak/Tilråding:**

Eksingedalen Bygdaråd får tildelt inntil kr. 27 000,- i bygdeutviklingsmidlar til å nytte gamal, raud telefonkiosk til informasjon om aktivitetar og opplevingar i Eksingedalen.

Tilskotet utgjer 53 % av budsjettert/godkjent kostnad på kr. 51 000,-. Lågare dokumentert kostnad,



kan gje lågare tilskot.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport, med kostnadsdokumentasjon.

Søkjjar må sjølv syte for å hente inn eventuelle, naudynnte løyve etter aktuelle lovverk, før oppsetjing av kiosken.

---

## **17/2022: HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL INNKJØP AV TURNUTSTYR - STAMNES IDRETTSLAG**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Turngruppa i Stamnes Idrettslag, v/ Helen Børhaug, får tildelt kr. 25 000,- i bygdeutviklingsmidlar til innkjøp av følgjande utstyr i samband med oppstart av turngruppe for born og unge i nærområdet:

- Airtrack m/pumpe
- Flikk flakk rullesylinder

Tilskotet utgjer 100 % av budsjetterte kostnader.

Tilskotet vert betalt ut etter sluttrapport, med kostnadsdokumentasjon. Lågare kostnad gjev lågare tilskot. Ved momsrefusjon vert tilskotet knytt til eks. mva.

Løyvinga gjeld i to år, fram til 01.10.2024. Etter dette vert midlane trekte attende.

### **Bygdeutviklingsutvalet 20.09.2022**

#### **Behandling:**

Endringsframlegg frå Edvin Hesjedal, H:

*Det vert gjeve kroner 15000 til innkjøp av turnutstyr. Utvalet minnar og om at idrettslaga kan søke kommunale aktivitetsmidlar årleg.*

#### **Røysting:**

Edvin Hesjedal sitt framlegg vart vedteke mot 1 røyst (Line Eide Vik)

### **BYG - sak 17/2022 Vedtak/Tilråding:**

Turngruppa i Stamnes Idrettslag, v/Helen Børhaug, får tildelt kr. 15 000,- i bygdeutviklingsmidlar til innkjøp av følgjande utstyr i samband med oppstart av turngruppe for born og unge i nærområdet:

- Airtrack m/pumpe
- Flikk flakk rullesylinder

Utvalet minnar og om at idrettslaga kan søke kommunale aktivitetsmidlar årleg.



Tilskotet utgjør 60 % av budsjetterte kostnader.

Tilskotet vert betalt ut etter sluttrapport, med kostnadsdokumentasjon. Lågare kostnad gjev lågare tilskot. Ved momsrefusjon vert tilskotet knytt til eks. mva.

Løyvinga gjeld i to år, fram til 01.10.2024. Etter dette vert midlane trekte attende.

---

**18/2022: HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL KURS OM GRINDVERKSBYGG - STAMNES IDRETTSLAG**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Stamnes Idrettslag, v/ Nieves Tur, får tildelt inntil kr. 50 000,- til å gjennomføre kurs om bygging av grindverksbygg. Tilskotet er knytt til utgifter med instruktørar, utstyr og materialkostnader.

Tilskotet utgjør 71 % av budsjettert kostnad. Lågare kostnad kan gje lågare tilskot.

Tilskotet vert betalt ut etter sluttrapport, med kostnadsdokumentasjon. Ved eventuell momsrefusjon vert tilskotet knytt til eks. mva.

Løyvinga gjeld i to år, fram til 01.10.24. Etter dette vert midlane trekte attende

Løyving frå Bygdeutviklingsutvalet gjeld berre gjennomføring av kurset. Mogleg søknadsplikt knytt til permanent plassering av grindverksbygget, er ikkje vurdert.

**Bygdeutviklingsutvalet 20.09.2022**

**Behandling:**

Endringsframlegg frå Edvin Hesjedal, H:

*Det vert gjeve støtte på kroner 35.000 til kurs i grindverksbygg*

**Røysting:**

Edvin Hesjedal sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**BYG - sak 18/2022 Vedtak/Tilråding:**

Stamnes Idrettslag, v/ Nieves Tur, får tildelt inntil kr. 35 000,- til å gjennomføre kurs om bygging av grindverksbygg. Tilskotet er knytt til utgifter med instruktørar, utstyr og materialkostnader.

Tilskotet utgjør 50 % av budsjettert kostnad. Lågare kostnad kan gje lågare tilskot.



Tilskotet vert betalt ut etter sluttrapport, med kostnadsdokumentasjon. Ved eventuell momsrefusjon vert tilskotet knytt til eks. mva.

Løyvinga gjeld i to år, fram til 01.10.24. Etter dette vert midlane trekte attende

Løyving frå Bygdeutviklingsutvalet gjeld berre gjennomføring av kurset. Mogleg søknadsplikt knytt til permanent plassering av grindverksbygget, er ikkje vurdert.

---

**19/2022: HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL "FRILUFTSSKOLE" PÅ STANGHELLE 2022 - BERGEN OG HORDALAND TURLAG**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Bergen og Hordaland Turlag, Helene Ødven, får tildelt kr. 20 000,- i bygdeutviklingsmidlar til å gjennomføre «friluftslivsskole» for born i Agnavika på Stanghelle, sommaren 2022.

Løyvinga utgjer 27 % av faktiske kostnadar på kr. 75 061,-. Tilskotet vert løyvd som ein fast sum (eingongstilskot) .

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport med kostnadsdokumentasjon. Utgiftene må vere knytt til kostnadane i søknaden.

Løyvinga gjeld ut 2024. Etter dette vert midlane trekte attende.

**Bygdeutviklingsutvalet 20.09.2022**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**BYG - sak 19/2022 Vedtak/Tilråding:**

Bergen og Hordaland Turlag, Helene Ødven, får tildelt kr. 20 000,- i bygdeutviklingsmidlar til å gjennomføre «friluftslivsskole» for born i Agnavika på Stanghelle, sommaren 2022.

Løyvinga utgjer 27 % av faktiske kostnadar på kr. 75 061,-. Tilskotet vert løyvd som ein fast sum (eingongstilskot) .

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport med kostnadsdokumentasjon. Utgiftene må vere knytt til kostnadane i søknaden.

Løyvinga gjeld ut 2024. Etter dette vert midlane trekte attende.



---

**20/2022: HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL INFORMASJONSBROSJYRE OM NOTFISKE ETTER LAKS - "LAKSGILJO"**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

«Laksegiljo», ved Geir Magne Gammersvik, får tildelt kr. 10 000,- i bygdeutviklingsmidlar til utarbeiding av brosjyre om notfiske som tradisjon og kultur i fjordane kring Osterøy.

Tilskotet utgjer 65 % av budsjettert kostnad. Lågare kostnad kan gje lågare tilskot.

Tilskotet vert betalt ut etter innsendt sluttrapport, med kostnadsdokumentasjon. Ved eventuell momsrefusjon, vert kostnaden eks mva. lagt til grunn.

Løyvinga gjeld ut 2024. Etter dette vert midlane trekte attende.

**Bygdeutviklingsutvalet 20.09.2022**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**BYG - sak 20/2022 Vedtak/Tilråding:**

«Laksegiljo», ved Geir Magne Gammersvik, får tildelt kr. 10 000,- i bygdeutviklingsmidlar til utarbeiding av brosjyre om notfiske som tradisjon og kultur i fjordane kring Osterøy.

Tilskotet utgjer 65 % av budsjettert kostnad. Lågare kostnad kan gje lågare tilskot.

Tilskotet vert betalt ut etter innsendt sluttrapport, med kostnadsdokumentasjon. Ved eventuell momsrefusjon, vert kostnaden eks mva. lagt til grunn.

Løyvinga gjeld ut 2024. Etter dette vert midlane trekte attende.

---

**21/2022: HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL UTANDØRS BORDTENNISBORD VED ALLAKTIVTETSHUSET PÅ STAMNES - STAMNES UNGDOMSKLUBB**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Stamnes Ungdomsklubb, v/ Monica Dyvik, får tildelt kr. 18 000,- i bygdeutviklingsmidlar til innkjøp av utandørs bordtennisbord til bruk ved Allaktivitetshuset på Stamnes.





Tilskotet utgjør 100 % av budsjettert kostnad.

Tilskotet vert betalt ut etter sluttrapport, med kostnadsdokumentasjon. Lågare kostnad gjev lågare tilskot. Ved momsrefusjon vert tilskotet knytt til eks. mva.

Løyvinga gjeld i to år, fram 01.10.2024. Etter dette vert midlane trekte attende.

### **Bygdeutviklingsutvalet 20.09.2022**

#### **Behandling:**

Samrøystes vedtak.

#### **BYG - sak 21/2022 Vedtak/Tilråding:**

Stamnes Ungdomsklubb, v/ Monica Dyvik, får tildelt kr. 18 000,- i bygdeutviklingsmidlar til innkjøp av utandørs bordtennisbord til bruk ved Allaktivitetshuset på Stamnes.

Tilskotet utgjør 100 % av budsjettert kostnad.

Tilskotet vert betalt ut etter sluttrapport, med kostnadsdokumentasjon. Lågare kostnad gjev lågare tilskot. Ved momsrefusjon vert tilskotet knytt til eks. mva.

Løyvinga gjeld i to år, fram 01.10.2024. Etter dette vert midlane trekte attende.

---

### **22/2022: HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL STAMNES FISKEFESTIVAL OG STAMNES UNGDOMSHUS - STAMNES BYGDALAG**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Stamnes Bygdelag får følgjande tildeling av bygdeutviklingsmidlar:

- Kr. 40 000,- til å dekkje utgifter med ulike kulturaktivitetar på Stamnes fiskefestival i 2022 (fast beløp – eingongssum)
- Kr. 50 000,- til vedlikehald av Stamnes Ungdomshus (fast beløp – eingongssum)
- Inntil kr. 20 000,- til innkjøp av stolar og bord til Stamnes Ungdomshus (60 % av dokumentert kostnad).

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport med kostnadsdokumentasjon. Utgiftene må vere knytt til kostnadane i søknaden.

Løyvinga gjeld ut 2024. Etter dette vert midlane trekte attende.



**Bygdeutviklingsutvalet 20.09.2022**

**Behandling:**

Endringsframlegg frå Edvin Hesjedal, H:

1. Det vert ikkje gjeve støtte til drift/gjennomføring/underskotsdekning av Fiskafestivalen på Stamnes
2. Det vert gjeve støtte på kr 10.000 til innkjøp av stolar og bord til Frilund
3. Det vert gjeve støtte til restaurering av Frilund på linje med kommunedirektøren sitt framlegg

**Røysting:**

Det vart røysta punkt for punkt i Edvin Hesjedal sitt framlegg:

Punkt 1: Kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke med 3 røyster (Line Eide Vik, Arne Normann, Mona Grenasberg)

Punkt 2: Edvin Hesjedal sitt framlegg vart samrøystes vedteke

Punkt 3: Kommunedirektøren/Edvin Hesjedal sitt framlegg samrøystes vedteke

**BYG - sak 22/2022 Vedtak/Tilråding:**

Stamnes Bygdelag får følgjande tildeling av bygdeutviklingsmidlar:

- Kr. 40 000,- til å dekkje utgifter med ulike kulturaktivitetar på Stamnes fiskefestival i 2022 (fast beløp – eingongssum)
- Inntil kr. 10 000,- til innkjøp av stolar og bord til Stamnes Ungdomshus
- Kr. 50 000,- til vedlikehald av Stamnes Ungdomshus (fast beløp – eingongssum)

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport med kostnadsdokumentasjon. Utgiftene må vere knytt til kostnadane i søknaden.

Løyvinga gjeld ut 2024. Etter dette vert midlane trekte attende.

---

**23/2022: HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL ARRANGEMENTET "EIDSLANDSVIKING" - EIDSLAND GRENDALAG**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Eidslandet Grendalag får tildelt kr. 15 000,- i bygdeutviklingsmidlar til arrangementet «Eidslandsviking» ved Åsen på Eidslandet i september 2022.

Tilskotet skal nyttast til å dekkje utgifter med arrangementet, jf. søknaden.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport med kostnadsdokumentasjon.

Løyvinga gjeld ut 2024. Etter dette vert midlane trekte attende.



**Bygdeutviklingsutvalet 20.09.2022**

**Behandling:**

Saka vart sendt ut dagen før møtet. Bygdeutviklingsutvalet valde likevel å behandla saka i møtet.

Samrøystes vedtak.

**BYG - sak 23/2022 Vedtak/Tilråding:**

Eidslandet Grendalag får tildelt kr. 15 000,- i bygdeutviklingsmidlar til arrangementet «Eidslandsviking» ved Åsen på Eidslandet i september 2022.

Tilskotet skal nyttast til å dekkje utgifter med arrangementet, jf. søknaden.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport med kostnadsdokumentasjon.

Løyvinga gjeld ut 2024. Etter dette vert midlane trekte attende.

---



## **ORIENTERINGAR**

Kommunalsjef Åse Elin Myking:

- Ein søknad innkome til utvalet, men for seint. Denne kjem opp i Formannskap/plan- og økonomiutvalet
- Trafikksikringsplan, regodkjenning. Prioriteringsliste vil koma til budsjettmøtet.
- Breibandsutbygging og midlar for 2021 og 2022.

## **SPØRSMÅL/KOMMENTARAR**

**Arne Normann**

Om korleis kommunen kan støtta butikkar som slit med høge straumutgifter

**Ståle Kallestad Hesjedal**

Om rolla til bygdeutviklingsutvalet

**Mona Grenasberg**

Om Kulturkalender